

Kjære sau- og geitvenner, utsendingar, gjestar og æresmedlemmar!

Velkome til årsmøte vårt, som i tillegg vil markera 60-års jubileet for fylkeslaget. Takk for fin og verdig velkomst hit åt Fagernes. Ein spesiell takk vil eg gje åt Ken Lunn, som eg vil seia har hatt hovudansvaret med å sy denne helga saman for oss. Etter 1 år i leiarstolen er det med ære at eg i dag opne det fyrste årsmøtet mitt, noko som eg vonar blir ei god helg med både fagleg stoff og mykje sosialt samvær. Det sosiale er vel så godt som i boks, da ramma rundt arrangementet er eit jubileum, og den harde gode kjerne av oss er på plass. Styret har òg god tru på at det faglege vil verta både informativt, lærerikt og gje oss alle inspirasjon til å reisa frå her att med styrke og mot til å ta fatt på nye år i småfehaldet.

2008 var på mange måtar eit godt år for småfehaldet.

Jordbruksforhandlingane gav oss ei inntektsauke, prosjektet ”Friskere geiter” og framgang i saueavlen har etter kvart gjeve oss grunnlag for auke av både kvalitet og kvantitet i produksjonen på den enkelte gard, sjølv om kostnadane til bl.a. gjødsel og diesel har drege ned att fortenesta ein god del. Vi er òg i ei god tid, i og med at vi har god avsetnad av både kjøtt og mjølk frå småfeet vårt. 2008 vart òg det året som tapa til freda rovvilt kom ned att på same nivå som førre forvaltingsregime slutta på, så nå spør det om vegen vidare går opp eller ned.

Men 2008 vart òg det året da småfehaldet fekk ein ny bratt bakke å gå. Ei ny utfordring i form av ein sjukdom kalla fotråte kom på banen. Fotråte er klassifisert som ein B-sjukdom og dermed var altså berre eit bakteriefunn på eit enkelt dyr nok til å bandleggja heile besetningen. Vi fekk dei fyrste åtvaringane i vår da dei fyrste tilfella vart oppdaga på sørvestlandet. Ei bakterie, *dichelobacter nodosus*, som vissnok

ikkje har vore registrert her i landet sidan 1948, hadde saman med ei kjent og vanleg bakterie forårsaka at klinikk vart utløyst i enkeltbesetningar. Seinhaustes vart så dei fyrste tilfella oppdaga i Oppland, der Sør-Fron og Fåberg kom fyrst på banen. Pr. 1. februar 2009 er 23 sauebesetningar bandlagt i Oppland, 7 i Lillehammer, 12 i Sør-Fron, 1 i Nord-Aurdal og 3 i Vestre Slidre. I tillegg er 1 geitebesetning på Hadeland bandlagt. Til samanlikning har 11 andre besetningar vorte undersøkt og testa med negativt resultat, 1 i Gjøvik, 3 i Lillehammer, 1 i Ringebu, 4 i Sør-Fron, 1 i Vågå og den siste prøvetekne i Valdres har vi ikkje fått resultat på enda. Altså er det funne smittestoff i 2/3 av testa besetningar i Oppland. Det har heldigvis ikkje kome inn meldingar om forverring i nokon av dei bandlagte besetningane i ettertid. Synnøve Vatn vil informera, bli utfordra og svara på det meste om dette temaet seinare i dag.

I forhold til freda rovvilt vart 2008 eit litt betre år enn venta, men sjølvsagt er tapa enda altfor høge mange stadar. Uttak av jervehi dei siste åra har gjort at tapa til jerv har gått ned i takt med bestanden. Lisensjakta på jerv har ikkje gjeve dei rette resultatene gjennom åra, men med meir erfaring og fleire jervbåsar på plass kan ein sjå ei betring. Vi er likevel sterkt avhengige av at enkeltjegerar gjer ein ubetalt innsats og at Rovviltnemnda tør å halda bestanden så låg som råd i høve til bestandsmålet. Tap til gaupe har halde seg på eit litt for høgt nivå, da Rovviltnemnda ikkje har skrivne ut stor nok kvote, medan tapa til bjørn heldigvis gjekk ned att i år både i forhold til fjoråret og i forhold til kva vi forventa. Her må vi takka jaktlaget i Gausdal, som gjorde eit godt arbeid med å ta ut ein bjørn i vår. Eg vil òg fokusera på alle dei med lite tap i 2008. Fleire tapar faktisk nesten ikkje dyr og dette visar at helsa til beitedyra våre er betre enn den såkalla normaltapprosenten gjev utrykk for. Eg visar gjerne til eiga beitelaget og nabobeitelaget mitt, som til saman sleppte 4200 dyr i 2008. Tapsprosenten låg på 1,2 % på vaksne og 1,7 % på lam, så mest utan rovvilt går det bra på utmarksbeite.

Eg vil òg nemnda og presentera to nye ansikt vi har hatt mykje med i 2008 og vil både samarbeida med og sjå meir til i 2009. Det er Sidsel Røhnebæk, som er senioringeniør i landbruksavdelinga åt Fylkesmannen i Oppland og det er hundemannen Kjell Smestad, som frå vaktarhundprosjektet sitt nå er mest kjent for kadaverhunden sin. Både desse to har styret og ikkje minst eg hatt gleda av å bli betre kjent med i 2008, og vi har noko nytt og spanande på gang! OSG vil i samarbeid med desse arrangere hundeevipasjekurs i 2009. Vi var heldige med at nettopp Sidsel tok denne viktige jobben etter Erling Skurdal, vi var alle spente, men slapp av – Sidsel er ein av oss. Så meinte vi kanskje at Erling var tapt for oss, men han meldte som alle veit overgang til Nortura. Dermed vart han ein naturleg medarbeidar å spela vidare på, han kjenner småfeet og folket frå før, og kjem med fordrag seinare i dag.

I morgon skal så avlen stå i fokus, der Ring 41 held årsmøtet sitt. Seinare vil avlssjef Thor Blichfeldt koma med nye tankar i forhold til avlsarbeidet med omsyn til seminbruk, gransking og antakeleg fotråte. Avlsarbeidet i Oppland står som vanleg sterkt, interessa er høg og konkurranseinstinktet lever. Vi har prøvd å føra tradisjonen vår med godt samarbeid vidare, slik at avlsbuskapar, kåringar og tilgangen på gode verar har vore godt fordelt både etter behov og geografi. Vi har fordelt og seld alle tilgjengelege verar vi har, der vi skuldar ein mann i Vågå, Hans Petter Vaberg, stor takk for bruk av mykje tid og tålmod. Under årsmøtemiddagen vil vi premiera nokre gode resultat, men premie for oppdrettar av 3 seminverar til Staur same året har vi ikkje – noko som nemnte Hans Petter Vaberg stod for i 2008. Men fotråteutbrotet har i 2008 vist avlsfolket at systemet vårt er sårbart. Det er ikkje utenkeleg at hadde utbrota kome før, så hadde avlssystemet vårt kollapsa i 2008. Med unntak av avdeling 50 på Sør-Fron fekk dei andre avdelingane eit år ekstra på pinebenken, der spørsmålet kjem i haust: Har alle denne bakterien? Vi får alle håpa at dei aller fleste spørsmåla om fotråte er avklart innan den tid, slik at vi

er sikre på at det vidare vegvalet som bli teke er rett både i forhold til å bekjempe sjukdommen som til å ta vare på sauebonden.

Geitehaldet er òg inne i ei tid full av endringar. Bonussoner er innført der bonus vert utbetalt ved å ikkje levera mjølk i månader november og desember. Sanering av sjukdommane CAE, byllesjuka og paratuberkulose, som prosjektet ”Friskere geiter” handlar om, har ført til at næringa har fått ei ny frisk geit. Det viktigast i prosjektet, der Dag Lindheim er prosjektleiar, er likevel å få den siste 1/3 av buskapane på landsbasis til å melda seg på. Kvaliteten på geitemjølka, særleg med tanke på frie feittsyrer, har forbetra seg merkbar dei siste åra. Dette har bl.a. ført til stor eksport av ”Snøfrisk kremost”, og snart er taket nådd. Berre nyetablering eller auka bruksstorleik kan gjera at det vert produsert nok geitemjølk i framtida. Ny organisering av geiteavlen har vore ute på høring, der avlsarbeidet nå skal styrast av avlsrådet i NSG. Avlsutvalga for geit er lagt ned på fylkesnivå frå 1/1 2009. Oppland oppnemnde som kjent Fagforum Geit for å ta seg av faglege tiltak for geitehaldarar i samarbeid med varemottakarar og andre partar.

Mens vi diskuterar, informerar og vedtek saker vil 15 flittige damer bli undervist i skinnsaum av Brit Solheim. Dei vil foredra eit av råstoffa småfehaldet skaffar oss. Så får vi sjå kva både skinnfelldamene og vi kan få gjort på ei helg.

God helg og lykke til med årsmøtet!

Fagernes 14. februar 2009, Pål Kjørstad, leiar